

Verneplan for skog

Tilråding om vern av Dalåsen naturreservat i Hjartdal kommune



Gamal furuskog med daud ved. Foto: Sigve Reiso

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark fylke
Mars 2022**

INNHOLD

1. Framlegg.....	side 3
2. Heimel.....	side 3
3. Verneverdiar.....	side 4
4. Andre interesser.....	side 5
5. Trugslar mot verneverdiane.....	side 5
6. Sakshandsaming.....	side 5
7. Viktige endringar under handsaminga av verneplanen.....	side 6
8. Forvalting, økonomiske og administrative konsekvensar.....	side 6
9. Lokal og sentral høyring.....	side 7
9.1. Generelle merknader ved lokal og sentral høyring.....	side 7
9.2. Generelle merknader til forskrift ved lokal og sentral høyring.....	side 8
9.3. Statsforvaltaren sine kommentarar og tilrådingar til dei generelle merknadene.....	side 8
9.4. Merknader til det føreslegne området.....	side 8
9.5. Statsforvaltaren sine kommentarar og tilrådingar til det føreslegne området.....	side 9

Vedlegg

1. Framlegg til forskrift for Dalåsen naturreservat

Framlegg til avgrensing av Dalåsen naturreservat følgjer som eige kartvedlegg

1. Framlegg

Statsforvaltaren gjer med dette framlegg om vern av skog i privat eige i Hjartdal kommune i Vestfold og Telemark fylke. Framlegget til vern er tufta på ordninga med friviljug vern av skog.

Området det gjeld er Dalåsen naturreservat i Hjartdal kommune. Det er seks grunneigarar som har kome med tilbod om friviljug vern av ca. 2159 daa skog. Området har fått nasjonal verdi (****) i samband med registrering av biologiske verdiar (prosjekt kalkskog 2018).

Namn	Kommune	Tal på grunneigarar	Totalareal	Verneverdi
Dalåsen naturreservat	Hjartdal	6	2159 daa	Nasjonal (***)

2. Heimel

Området vil bli verna som naturreservat med heimel i lov av 19. juni 2009 nr.100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). I lova er det i §§ 35 til 39 gjeve heimel for ulike vernekategoriar. Generelle mål for områdevern fylgjer av naturmangfoldloven sin § 33. Føremålet med det einskilde verneområdet må likevel skildrast konkret og knytast opp mot vilkåra som gjeld for den einskilde vernekategorien i §§ 36 og 37. Naturreservat er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven.

Vedtak om opprettning av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter naturmangfoldloven sin § 37, som lyder slik:

"Som naturreservat kan vernes områder som:

- a) inneholder truet, sjeldent eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi*

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel."

Vurdering i høve til naturmangfoldloven kap. II

Med omsyn til kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8 i nml.), så ligg det føre god dokumentasjon av arter og naturtypar i området, jf. omtala i kap. 3 Verneverdiar. Restriksjonane på inngrep og tiltak som verneforskrifta regulerer vil take vare på verneverdiane, og den bruken som vert tillate vidareført vil ha liten negativ verknad på dei. På bakgrunn av det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre er vår vurdering difor at effekten av vernet på verneverdiane og naturmangfaldet i sum vil vera positiv. Ut frå denne konklusjonen ser vi det ikkje som naudsynt å gå nærmare inn på prinsippa i naturmangfoldloven §§ 9-12.

3. Verneverdiar

Vegetasjonen varierer ein stor del innan området, frå fattig barskog på toppområdet til kalkrike sesongfuktige sig og lågurtskog ned lisida. Rike grunnlendte areal er prega av mosaikkar med sesongfuktig tørkeutsett høgstaudeskog med overgangar til svak-lynglågurtskog og lyng-/bærlynglågurtskog, med innslag av fattigare lyng- og bærlyngskog. Furu er gjerne dominerande med varierande innslag av einer, borealt lauv og gran, samt noko edellauv. Reinare lågurtskog inngår der det finnест meir jordsmonn. Her står gjerne grana sterkare, det gjeld også langs blåbærsøkk med innslag av fattig sumpskog og høgstaudeskog på toppområdet.

Området som heilskap vert dominert av eldre skog, hovudsakleg i naturskogtilstand. Topparealet er prega av strukturfattig gamalskog med spreidde gamle tre, ned liene blir skogen meir produktiv, større treslagsblanding og det er meir innslag av død ved, mest av gran, men også av furu og borealt lauv. Ferske til midlare nedbrytingsstadie dominerer, med godt nedbrotne stokkar nokre stader. Fleire stader i dei furudominerte liene står også gammal søyle-einer, som er eit viktig nøkkelement for raudlista lav. Gamle furutre finst spreidd, mellom anna grov furu på omlag 50 cm i diameter og stagnerte tre på fattig mark. Nokre av desse har gamle brannlyrer. Rik og produktiv låglandsfuruskog med gamle tre og daud ved er sjeldan i låglandet.

Fjorten raudlisteartar er førebels kjend frå området, men det er eit klårt potensiale for fleire ut i frå både rikheit (markbuande sopp) og skogstrukturen. Artsmangfald får difor høgaste verdi. Det er påvist eit nokså rikt mangfald av råtevedsopp knytt til gran, der mellom anna mindre vanlege og høgt raudlista artar som rustskinn (VU) og rosenjodskinn (EN) inngår med fleire funn, i tillegg til fleire meir utbreidde raudlista naturskogsartar. Knytt til daud ved av furu er hornslett (NT) og okerporekjuk funne, også her kan fleire raudlisteartar inngå. På gammal einer er det påvist taiganål (VU) og trollringlav (NT).

Dalåsen husar ein stor konsentrasjon av gammal låglandsbarskog med svakt naturskogspreng på store delar av arealet. Flekkvis også høge kjerneområdeverdiar knytt både til gammal granskog og gammal/kalkrik furuskog. Karakteristisk er også innslag av gammal søyleeiner, eit viktig substrat for mange krevjande skorpelav, samt spreidde kvalitetar knytt til daud ved av borealt lauv og eldre edellauvskog. Den raudlista naturtypen kalk- og lågurtfuruskog (VU) dekkjer store areal. Det er også mindre innslag av høgstaudeskog (NT).

Gammal naturskog av furu i dette høgdelaget er sjeldan på Østlandet, særskilt større samanhengande areal. Lokaliteten føyer seg inn i rekka av rike låglandsfuruskogar langs lisidene i Heddal-Hjartdal, men skil seg frå dei vest-sørvendte liene med eit større innslag av

gran, eit noko meir humid/friskt preg, og eit rikt artsmangfald knytt til død ved av gran i tillegg til naturskogskvalitetar av furu.

Dalåsen dekkjer samla inn fleire viktige skogvern manglar. I tillegg til dei generelle manglane låglandsskog, biologisk gamal skog og høgbonitetsskog, dekkjer området fleire mangelnaturtypar/ansvarstypar. Den totale mangeloppfyllinga vert vurdert som høg på store delar av arealet, spesielt i lisidene, i mindre grad på toppareala. Området er vurdert til nasjonalt verneverdig (***)

Verneframlegget er grunna på følgjande rapport:

Reiso, S. 2019. Naturverdier for lokalitet Diplemyrnatten, registrert i forbindelse med prosjekt Kalkskog 2018. NaRIN faktaark. BioFokus.

Føremål

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av naturtypen kalk- og lågurtfuruskog, rik blandingsskog i låglandet, gamal låglandsbarskog med naturskogspreg og ein rik og variert karplanteflora. Vidare er føremålet å ta vare på eit område som har sjeldne og truga arter av sopp og lav.

Etter Statsforvaltaren si vurdering fyller området dei krava som naturmangfoldloven sin § 37 set for område som kan vernast som naturreservat.

4. Andre interesser

Planstatus

Arealet er sett av til LNFR-område i kommuneplanen sin arealdel i Hjartdal.

Tekniske inngrep

Det går ein traktorveg inn i området frå aust. Den vert teikna inn på vernekartet og vedlikehald av vegen går fram av § 4 i forskrifta.

5. Trugslar mot verneverdiane

Skogsdrift kan i deler av området vera ein trugsel mot verneverdiane. Ferdsel og beiting vert ikkje sett på som nokon trugsel i området i dag.

6. Sakshandsaming

Bakgrunn

Vern av skog har dei siste 15 åra vorte prioritert i verneplanarbeidet i Noreg. Gjennom handsaming av St.meld. nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei slik opptrapping av skogvernet. Mellom anna at eit utvida skogvern skulle følgja dei faglege råda i rapporten "Evalueringen av skogvernet i Norge", laga av NINA og Skogforsk.

I meldinga blei friviljug vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Friviljug vern tyder at skogeigar(-ane) tilbyr staten vern av eigen skog. Miljøvern-mynda vurderer tilboda og gjer naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiane. Om det etter ei slik registrering er aktuelt å legge fram eit verneforslag for det aktuelle

arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Det vanlege er at når staten og grunneigar er samde om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneframlegg likevel gjerast før avtale er underteikna.

Konkret om området

Tilbod om friviljug vern for Dalåsen naturreservat vart motteke frå grunneigarane via AT Skog 4. juli 2019. Naturverdiane vart undersøkte i 2018 og vart rapporterte i 2019 (Prosjekt Kalkskog 2018).

Melding om oppstart

Formell melding om start på verneplanarbeidet vart sendt 11. juni 2020. Innkomne merknader blei kommentert i høyringsdokumentet.

Høyring

I samsvar med naturmangfoldloven og reglane om sakshandsaming til denne, sendte Statsforvaltaren framlegg til vern ut på høyring 19. februar 2021, med frist 14. april 2021. Det vart gjort ei felles lokal og sentral høyring. Det kom inn totalt 12 fråsegner til høyringa som omfatta seks område, der fire fråsegner var til lokal høyring og åtte fråsegner til sentral høyring. Ikkje alle fråsegner var knytt til Dalåsen.

Vidare saksgang

Statsforvaltaren sender, på bakgrunn av høyringsdokumentet og innkomne fråsegner, tilråding om vern til Miljødirektoratet. Til vanleg vil det på dette tidspunktet i verneprosessen vera gjennomført forhandlingar og underskrive avtaler med grunneigarane. Miljødirektoratet legg saka fram for Klima- og miljødepartementet, som deretter vil førebu saka og gjera framlegg om vernevedtak for Kongen i statsråd. Etter vernevedtak ved kgl. res. vil erstatninga i tråd med underskrivne avtaler bli betalt ut av Miljødirektoratet. Statsforvaltaren får etter det normalt i oppdrag å gjera vedtaket kjent lokalt og sørge for at naturreservatet blir forsvarleg merka og skilta. Dette vert vanlegvis gjort ved at Statsforvaltaren ber om grensegang ved jordskifteretten, i dette høvet vil det bli ved Telemark jordskifterett.

7. Viktige endringar under handsaminga av verneplanen

Det har ikkje vore endringar av betydning i verneprosessen for Dalåsen.

8. Forvalting, økonomiske og administrative konsekvensar

Det er etter Statsforvaltaren si vurdering ikkje trond for forvaltingsplan for dette området. Vern av arealet vil ikkje føre med seg stor trond for oppsyn.

9. Lokal og sentral høyring

Verneplanen vart sendt på lokal høyring til grunneigarar, Hjartdal kommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, og til følgjande brukarorganisasjonar, regionale statlege etatar, næringsinteresser og lokale interesseorganisasjonar:
Hjartdal kommune, Hjartdal Skogeierlag, Hjartdal bondelag, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Nedre Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Hjartdal Elverk,

Vest-Telemark Kraftlag AS, Forum for Natur og Friluftsliv Telemark, Grenland Friluftsråd, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Norsk Ornitologisk forening, avd. Telemark, Midt-Telemark Energi AS, Telemark Turistforening, Telemark Orienteringskrets, Tinn Energi, Statens vegvesen Region sør, Skagerak Energi AS, Lede, Telenor Servicesenter for nettutbygging, Telemark Botaniske forening og Telemark Sau og Geit.

Verneplanen vart sendt på sentral høyring til:

AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for kulturminneforvaltning, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådenes Landsforbund, Institutt for biovitenskap - Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Naturvernforbundet, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelser, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportsforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi, Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, NORSKOG, NSB hovedadm., NTNU Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU Ringve botaniske have, NTNU Vitenskapsmuseet, SABIMA, Språkrådet, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet, WWF-Norge, AuCu Exploration, v/Gunnar Holen.

9.1. Generelle merknader ved lokal og sentral høyring

Lokal og sentral høyring

Riksantikvaren (e-post dagsett 22.02.2021):

«Vi viser til høyring av verneplan for vern av skog i kommunane Kviteseid, Tokke, Tinn, Seljord og Hjartdal. Riksantikvaren minner om at Fylkeskommunen, som også er på høyringslista, er høyringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker.
Vi viser til kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen og håndsamar derfor ikke saka.»

Bane NOR SF (brev dagsett 23.02.21):

«Områdene berører ikke jernbanens interesser og vi har derfor ingen merknader.»

Språkrådet (brev dagsett 16.03.21):

«Ingen merknader.»

Statnett (e-post dagsett 14.04.21):

Statnett har avgitt uttale til Bandaksliane og Lynglifjellet naturreservat som var eit av seks område som vart sendt på høyring.

9.2. Generelle merknader til *forskriftene* ved lokal og sentral høyring

Lokal og sentral høyring

Norges vassdrags- og energidirektorat (brev dagsett 08.04.21):

«NVE har sett gjennom meldingen for det foreslårte verneområdet med tanke på energi- og vassdragsinteresser for eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.

• NVE har tidligere uttalt seg under oppstartmeldingen av verneplan for områdene. Det finnes nettanlegg i følgende områder: Bandaksliane og Lynglifjellet (utvidelse), Bjørgeffjell, Dalåsen og Mælslia (utvidelse). Vi er positive til at standardbestemmelsene for nettanlegg er tatt inn i verneforskriften for nevnte områder. NVE forutsetter at nettselskapene uttaler seg dersom standardbestemmelsene ikke dekker deres behov.

Dalåsen

NVE gjør oppmerksom på at en 145 kV kraftlinje tilhørende Lede går gjennom området. Så langt vi kjenner til er det ingen nettanleggplaner i området. Vi forutsetter at Lede uttaler seg ifm. høringsrunden.»

9.3. Statsforvaltaren sine kommentarar og tilrådingar til dei generelle merknadene

Lokal og sentral høyring

Når det gjeld fråsegna frå NVE som legg til grunn at Lede kjem med eigen uttale, vil Statsforvaltaren gjere merksam på at det ikkje er motteke.

9.4. Merknader til det føreslegne området

Lokal høyring

Skagerak Kraft AS (e-post dagsett 16.03.21):

«Sauland Kraftverk AS har endelig konsesjon til bygging av Sauland kraftverk i Hjartdal kommune, se konsesjonssak NVE. Planene omfatter blant annet en 8,4 km lang avløpstunnel, med utløp i Heddøla ved Fosse nedstrøms Omnesfossen. Traseen for avløpstunnelen er planlagt å gå gjennom fjell under den nordlige delen av det planlagte Dalåsen naturreservatet i Hjartdal kommune. Vi kan ikke se at den planlagte avløpstunnelen vil være til hinder for etablering av et naturreservat i området, men vi mener hensynet til det konsesjonsgitte vannkraftverket bør ivaretas i et eventuelt vernevedtak.»

Sentral høyring

Direktoratet for mineralforvaltning (brev dagsett 13.04.21):

«Statsforvaltaren sender følgjande seks verneplanar om frivillig vern av skog på privat grunn ut på høyring og offentleg ettersyn:

Bandaksliane og Lynglifjell (utviding)

Bjørgeffjell

Dalåsen

Heddedalane (utviding)

Mælslia (utviding)

Vastveitåsan

...

Andre verneområde

DMF ga ingen merknader til dei andre verneområda ved varsel om oppstart. Det har ikkje kome til nye registreringar av mineralske ressursar eller bergrettar i områda sidan dette. DMF har dermed ingen ytterlegare merknadar til høyringa av dei andre planane.»

9.5. Statsforvaltaren sine kommentarar og tilrådingar til det føreslegne området

Når det gjeld uttalen frå NVE som peikar på at det finst ein 145 kV kraftlinje som høyrer til Lede i området, så viser vi til at det er teke omsyn til denne i forskrifta, jf. § 4 bokstav j og k og § 7 bokstav f.

Når det gjeld uttalen frå Skagerak Kraft AS om planlagt avløpstunnel under verneområdet (nordre del) kan Statsforvaltaren vere einig i at det ikkje vil vere til hinder for etablering av reservatet. Dersom avløpstunnelen ligg djupt under vernearealet vil det truleg ikkje endre på hydrologien i området slik at det får konsekvensar for miljøverdiane. Statsforvaltaren vurderer vidare at tunnelinngangane blir liggjande på utsida av det føreslegne verneområdet. Verneforskrifta kan dessutan ikkje regulere formål som ikkje er omfatta av verneforslaget (tunnelinngangane ligg utanfor verneforslaget).

Konklusjon

Statsforvaltaren rår til at Dalåsen naturreservat vert verna. Dalåsen dekkjer samla inn fleire viktige skogvern manglar. I tillegg til dei generelle manglane låglandsskog, biologisk gammal skog og høgbonitetsskog, dekkjer området fleire mangelnaturtypar/ansvarstypar. Den totale mangeloppfyllinga vert vurdert som høg.

Under verneprosessen har forskrifta fått nokre mindre justeringar. Avgrensing blir som vist i høyringa. Sjå vedlegg med forskrift og eige vedlegg for vernegrenser.

Vedlegg 1.

Forskrift om vern av Dalåsen naturreservat i Hjartdal kommune i Vestfold og Telemark fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

§ 1.(føremål)

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av naturtypen kalk- og lågurtfuruskog, rik blandingsskog i låglandet, gamal låglandsbarskog med naturskogspreng og ein rik og variert karplanteflora.
Vidare er føremålet å ta vare på eit område som har sjeldne og truga artar av sopp og lav.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2.(geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Hjartdal kommune: 78/4, 78/6, 78/20, 79/2, 79/5, 79/39, 80/8.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 2159 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Hjartdal kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (verneregler)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går frem av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller sång av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Sanking av bær og matsopp.
- b. Beiting.
- c. Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- d. Oppsetting av mellombelse mobile jakttårn for storviltjakt.
- e. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- f. Vedlikehald og merking av eksisterande stigar vist på vernekartet.
- g. Forsiktig rydding av små buskar og kvist på postar i samband med jakt på storvilt.
- h. Utsetjing av saltsteinar.
- i. Bålbrening med tørrkvist frå bakken eller ved ein har tatt med, i samsvar med gjeldande lovverk.
- j. Drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg.
- k. Oppgradering/fornyng av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linjetverrsnitt, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.
- l. Vedlikehald av eksisterande traktorvegar vist på vernekartet slik tilstanden var på vernetidspunktet.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. *Utanom eksisterande stiar er sykling, riding og bruk av hest forbode.*

§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)

Ferdelsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.
- d. Nødvendig motorferdsle i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisera transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsmyndigheita.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.

- b. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar, løyper og gamle ferdelsvegar.
- c. Hogst av etablerte plantefelt.
- d. Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- e. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav f.
- f. Oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje faller inn under § 4 bokstav k.
- g. Oppsetting og vedlikehald av gjerder.
- h. Øvingskøyring for formål nemnt i § 6 første ledd.
- i. Uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b.
- j. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav h, j, k og l og § 7 bokstav a, c, d, f og g.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggileik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10. (forvaltingsplan)

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltingsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. (iverksetjing)

Denne forskrifta trer i kraft straks.